



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Miljøterapeutars arbeid med traumesensitiv tilnærming -  
ei kvalitativ studie

School social workers approach to trauma-informed  
practices – a qualitative study

**Kandidatnummer: 253**

BSV5-300

Fakultet Helse og Sosialvitskap/HVL Sogndal/Vernepleie

19.05.21

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## **Abstract**

School children are always at risk at of beeing exposed to trauma. Trauma-informed practices (TIP) has become widespread in social welfare and mental health services, but the lack of trauma-informed schools is still large. Trauma-informed practices can be used to greatly lower the risk of a child to suffer consequences from adverse childhood experiences (ACE). This study investigates how school social workers use and experience trauma informed practices. In order to examine this, we conducted 3 qualitative interviews by school social workers. Even though more research is needed, the results indicates that school social workers have a fundamental understanding on how trauma-informed practices are used. However, previous studies suggests that a deeper knowledge on trauma-informed practices are needed in order to successfully meet the students mental and physical needs. The school social workers could not point to any measurable effect from trauma informed practices, so a RCT-study might be needed in order to suggest the effect from such an approach.

## Forord

I denne bachelor oppgåva har eg sett på korleis miljøterapeutar anvender og opplever traumesensitiv tilnærming. Eg skal ta del i eit forskingsprosjekt som vert gjennomført av Høgskulen på Vestlandet (HVL). Takk til prosjektleiar som gav meg lov til å delta på eit større prosjekt, det har våre spennande og lærerikt.

Takk til mine nære som har hjelpt meg med rettskriving, motivasjon og støtte gjennom heile bachelorperioden.

# Innholdsfortegnelse

<b>Abstract.....</b>	<b>2</b>
<b>Forord .....</b>	<b>3</b>
<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>6</b>
1.2 Teori og begreip avklaring .....	7
1.2.1 Traume.....	7
1.2.2 Traumesensitiv tilnærming i skulen .....	8
1.2.3 Nivåbasert Traumesensitiv tilnærming.....	9
1.2.4 Resiliens (Motstandsstyrke).....	10
1.2.5 Kunnskapshol.....	11
<b>2.0 Metode.....</b>	<b>12</b>
2.1 forkunnskap.....	12
2.2 Informantar .....	13
2.3 Inkludering og ekskluderingskriterie.....	13
2.4 Data innsamling og analyse.....	13
2.5 Tolking .....	14
2.6 Etiske vurderingar.....	14
2.7 Validitet .....	15
2.8 Reliabilitet (pålitelegheit) .....	15
2.9 Feilkjelder: .....	16
<b>3.0 Resultat .....</b>	<b>16</b>
3.1 Traumesensitiv tilnærming i skulen .....	16
3.2 Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming .....	19
3.3 Korleis opplev miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming .....	20
3.4 Tematiske Resultat av Koding.....	22
<b>4.0 Diskusjon .....</b>	<b>23</b>
4.1 Kva legg miljøterapeuten i traumesensitiv tilnærming?.....	23
4.2 Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming?.....	24

<i>4.3 Korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming?</i> .....	25
<i>4.4 Praktiske implikasjonar miljøterapeutiske arbeid i skulen.....</i>	27
<i>4.5 Styrkar og svakheitar med studiet .....</i>	27
<i>4.6 Oppsummering .....</i>	28
<b>5. 0 Litteraturliste .....</b>	<b>29</b>
<b>6. 0 Vedlegg .....</b>	<b>31</b>
<i>6.1 Vedlegg 1 – Intervjuguide .....</i>	31
<i>6.2 Vedlegg 2 – Samtykkeskjema .....</i>	32
<i>6.3 Vedlegg 3 – NSD Godkjenning .....</i>	36

## 1.0 Innleiing

Traume har gjennom tida vore sett på som noko som vil påverke daglelivet og livskvaliteten til ein person. Om lag halvparten av barn opplever potensielt traumatiske hendingar i løpet av oppveksten (Felitti et al., 1998). Ein kan sjå ein samanheng mellom eksponering av traume eller dysfunksjon i heimen i barndommen, og auka risiko for fleire av dei viktigaste dødsårsakene hos vaksne (Felitti et al., 1998). Det har vist seg at barn som har opplevd traumatiske hendingar i mykje større grad utviklar Posttraumatisk stresslidingar enn barn som ikkje har det (Alisic et al., 2014) Traumatiske hendingar aukar og risikoen for ulike psykiske lidinger som rusmissbruk og dårlig somatisk helse (Felitti et al., 1998)

Tilsette i skulen har store ansvarsområder for barna. Opplæringslova §9 A-2 seier: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» (Opplæringsloven, 1998, §9 A-2). Vidare viser Opplæringslova §9 A-3 andre ledd til at det er skulen sitt ansvar å jobbe mot retten til ein trygt og godt skolemiljø. Dette skal og gjerast ved at skulen jobbar kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane (Opplæringslova, 1998, §9 A-3). Lova tilseier at skulen må sikre eit trygt læringsmiljø som fremjar læring og helse og hos elevar som har opplevd traumatiske hendingar. Miljøterapeutar, deriblant vernepleiarar kan ha ein nøkkelrolle i oppfølginga av barn og risiko i skulen.

Walkley og Cox forklarar at traumesensitiv tilnærming skal vere eit samarbeid mellom alle som jobbar kring barnet. Difor vil miljøterapeutar har eit unikt utgangspunkt for å kunne vere ledande innan tilnærminga (Walkley & Cox, 2013). Som først ledd kan miljøterapeutar i skulen lære seg å traumesensitive tilnærmingar og aktivt bruke dette i arbeidet. Deretter kan dei vidareføre og innføre traumebevisste tilnærmingar blant resten av arbeidarane på skulen. (Walkley & Cox, 2013) Eg ønska å sjå nærmare på korleis miljøterapeutar i skulen arbeidar med traumesensitiv tilnærming. Eg ønskjer å finne like og ulike tilnærmingar, samt gå djupare i korleis framgangsmåten i slikt arbeid er. For å tilegne meg denne kunnskapen brukar eg problemstillinga

«Korleis anvender og opplev miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming i skulen?»

Vidare i oppgåva skal eg sjå nærare på kva traumesensitiv tilnærming er, samt kva kunnskap miljøterapeutar sit på kring temaet. Oppgåva er bygga etter IMRoD. Disposisjonen i oppgåva er difor innleiring, omgrep og teori, metode, resultat og diskusjon.

## 1.2 Teori og begreip avklaring

### 1.2.1 Traume

Traume blir definert som resultatet av ein eller fleire hendingar som eit individ opplever som er psykisk eller fysisk skadande eller livstruande og har varige innflytelse på individets funksjon, mental, fysisk, sosial eller psykiske velvære (Immerfall & Ramirez, 2019). Barn som har opplevd traumatiske opplevingar som til dømes seksuelle overgrep, omsorgssvikt, alvorlege ulykker, plutselige eller vente dødsfall av personar som står ein nær, skotvekslingar, vald i heimen, nærmiljøet eller på skulen kan oppnå traumatisk stress som med tida kan påverke deira psykiske og fysiske helse (Cohen et al., 2018, s. 25-49; Immerfall & Ramirez, 2019). Forskinga viser og til eit klart skilje mellom det som vert kalla type 1 eller type 2 traume. Type 1 som og omtalast som akutt-traume oppstår når ein person har vorte utsett for ei traumatisk enkelhending (Bath, 2015). Type 2 traume oppstår når personen vert utsett for fleire traumatiske hendingar over ein periode (Bath, 2015).

Vi nyttar ordet traumesymptom når vi snakkar om dei åtferdsmessige, emosjonelle, fysiske, kognitive og mellommenneskelege vanskane som er direkte tilknytt den traumatiske hendinga (Cohen et al., 2018, s. 30). Traumesymptoma er delt opp i fleire kategoriar med symptom. Desse inkluderer affektive, åtferdsmessige, kognitive, mellommenneskelege, komplekse og biologiske symptom (Cohen et al., 2018, s. 30). Nokre av traumesymptoma frå kategoriane ovanfor er blant anna frykt, tristheit, depressive symptom, sinne og alvorlig affektiv dysregulering (Cohen et al., 2018, s. 30-49). Symptoma kan ofte, men ikkje alltid vere like symptomata som ein opplever hos ein person med posttraumatiske stressslidingar (PTSD). Traumesymptom kjem ofte til uttrykk som ein reaksjon av ulike gjenkjenningar av traumet, også kalla for triggerar. Ulike triggerar kan vere menneske, stadar og lukter (Cohen et al., 2018, s. 30). Det er og viktig å påpeike at personar som opplev dette kan ha svært ulike reaksjonar og at det ikkje er sikkert at alle får ei form for traumelidning i etterkant av ei

traumatiske hending (Nordanger & Braarud, 2017). Cohen viser til fleire ulike behandlingsformer for traume i sin bok. Desse inkluderer:

- (a) TF-CBT modellen (Trauma-Focused Cognitive-Behaviour Therapy). Dette er ein empirisk støtta modell som handlar om å ivareta familiar og barn etter ei traumatiske oppleving. Modellen er ei kompeteanebasert tilnærming som integrerer blant anna traumesensitive intervensionar, kognitive- og åtferdsmessige premisser og tilknytingsaspekt (Cohen et al., 2018, s. 65-84).
- (b) Stressmeistring. Stressmeistringsferdigheiter handlar om å kunne redusere kroppslege reaksjonar på stress. Eksempelvis høg kvilepuls, auka sveitting, rastlausheit og søvnvanskar (Cohen et al., 2018, s. 151-155).
- (c) Følelsessregulering. Følelsessregulering (eller affektsregulering) handlar arbeidet om å lære barna ferdigheter som gjer at dei betre kan handtere dei uttrykka og kjenslene som møter dei. Cohen spesifiserer også at ved å meistre denne vil det og vere eit mindre behov for å lære barnet unngåelsesstrategiar (Cohen et al., 2018, s. 168).

### 1.2.2 Traumesensitiv tilnærming i skulen

Traumesensitiv tilnærming blir i engelske artiklar omtalt som «trauma informed». I norsk forsking blir det omtalt som både traumesensitivt, traumebevisst og traume informert. Eg kjem til å omtale alle desse som traumesensitive tilnærmingar.

I møte med klientar som har opplevd traume er det ein generell einigkeit knytt til å jobbe traumesensitivt. Dette inneber at ein skal jobbe med å skape tillitsfulle og trygge relasjonar mellom terapeut og klient, der klienten må føle seg sett og hørt (Anstorp & Benum, 2014). God traumeforståing vil kunne gi oss ei betre forståing av klienten, samtidig som vi får empati for korleis væremåten til klienten kan vere i situasjonar som elles kan vere forvirrande, avvisande og utsydelege for terapeuten (Anstorp & Benum, 2014).


Traumesensitiv tilnærming er eit omgrep som først blei brukt av Harris og Fallot tilbake i 2001 (Harris & Fallot, 2001). Dei definerte det som ein måte å forstå kva handlinga representerte, og kva som låg bak handlinga. I 2018 lanserte NICE (The National Institute for Health and Care Excellence i England) eit nytt forlag for behandlinga av posttraumatiske lidningar hos barn og unge (Cohen et al., 2018, s. 15). I dette forlaget vart det presisert at det anbefalast traumefokusert kognitiv åtferdsterapi (TF-CBT) som førsteval til barn som har

opplevd traumar, og dei som strevar med traumerelaterte vanskar i ettertid av ei hending (Cohen et al., 2018, s. 15). Bath forklarar i sin artikkel at det finnes fleire metodar å jobbe traumebevisst på. Dei viktigaste elementa for personar som jobbar direkte med barn blir omtalt som dei tre grunnpillarane. Desse er (a) *tryggleik*. Her siktar Bath til viktigheita av at barnet har personar eller områder som er trygge og som opplevast som trygge for barnet. Dette grunnast at barnets relasjon til trame kjem fram som utrygt. (b) *Relasjonar*. Relasjonar vert viktig for at barnet skal oppdrive motstandsdyktigheit (Resiliens) og sjølvstendigheit. Dette skjer gjennom tillitsfulle relasjonar med imøtekommande vaksne. (c) *Meistring*. Meistring er til for at barnet skal kunne møte utfordringar og emosjonelle vanskar på ein betre måte. Meistringa er kritisk for at barnet skal kunne bygge motstandsdyktigheit (Bath, 2015). Walker og Cox viser til at uansett type skule vil ein miljøarbeidar kunne jobbe direkte med traumesensitive tilnærmingar mot elevar som har behov for det. Dette skal gjerast ved å sikre eleven sine fysiske og psykiske behov inne i klasserommet og i skulegarden (Walkley & Cox, 2013, s. 125). Ettersom ein lærar skal undervise ein klasse vil ho ikkje i like stor grad som ein miljøterapeut kunne jobbe inn mot ein enkelt elev og rette seg etter elevens behov. Vernepleiarar eller miljøterapeutar i skulen vil difor ha eit godt utgangspunkt for å kunne dekke dette behovet sidan dei jobbar inn mot spesifikke behov som elevar i skulen har. Nordahl påpeikar at det er store manglar for spesialistar i skulen og miljøterapeutar vil difor passe godt (Nordahl, 2018, s. 9).

### 1.2.3 Nivåbasert Traumesensitiv tilnærming

I fleire modellar som er konstruert for å implementerast i skular, er det og fokus på dei ulike risikonivåa blant elevar som treng traumesensitiv tilnærming. Dorado skriv om Healthy Enviroments and Respons to Trauma in Schools (HEARTS) i ein av artiklane hennar (Dorado et al., 2016). Denne modellen er meint som eit hjelpemiddel for at tilsette i skulen kan implementere gode traumebevisste tilnærmingar. Modellen er tredelt og elevar, tilsette og skulesystemet får ulike retningslinjer utifrå kva risikogruppe eleven er i (Dorado et al., 2016). Nivå 1 viser til universell støtte. Dette verkar meir som eit førebyggande tiltak. På dette nivået arbeidar elevane med klasseromsøvingar for å styrke resiliens og minske stress, samtidig blir dei vaksne innført i traumesensitive tilnærmingar. Skulesystemet vil her jobbe med å skape eit traumesensitivt system som tilbyr ulik støtte etter behov. Nivå 2 siktar til selekterte tiltak. Her er fokuset meir retta mot elevar som er i risikogruppa, men som ikkje

viser traumesymptom. Nivå 3 omtalar målretta støtteordningar. Elevar som viser traumesymptom vert her tilbudd tilpassa tenester. Om nødvendig tek ein kontakt med andre instansar på dette nivået (Dorado et al., 2016).



Figur 1

#### 1.2.4 Resiliens (Motstandsstyrke)

Resiliens er henta frå det engelske ordet resilience. Det finnes ingen heildekande oversetningar på norsk, men ordet motstandskraft eller meistring er brukt (Borge, 2010, s. 13). Resiliens handlar om barnets eigenskap til å kunne forhindre å utvikle psykiske problem. Dette kjem til syne ved at barnet viser gode tilpassingar trass kriser eller truande omgivnadar (Borge, 2010, s. 13-14). Kunnskap om resiliens og innsikt i ulike reaksjonsmåtar hos

risikobarn som har hatt ein tilfredstillande utvikling vil kunne vere hjelpsamt å vite for barn som ikkje har ei slik utvikling (Borge, 2010, s. 13). Når vi snakkar om resiliens innan traumesensitiv tilnærming handlar det om å sette barna i stand til å takle motgang. Det at dei vil takle motgang, vil betre kunne forhindre at mange barn utviklar permanente problem (Borge, 2010).

#### 1.2.5 Kunnskapshol

Kunnskapen knytt til traumesensitiv tilnærming er avgrensa. Det er ikkje standardisert at norske skular skal arbeide traumesensitivt. Denne studia har difor som mål å sjå nærmare på kvifor miljøterapeuten kan passe inn i traumesensitiv tilnærming. I denne oppgåva er fokuset å belyse nokre av sidene ved traumesensitiv tilnærming. Eg ønsker også å få ei djupare forståing av behovet for kunnskap på dette feltet. For å få denne forståinga blir miljøterapeutar i skulesektoren intervjuet. På bakgrunn av dette er problemstillinga:

«Korleis anvender og opplev miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming i skulen?»

For å svare på problemstillinga er det danna fire ulike forskingsspørsmål:

- (a) Korleis forstår miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming? (b) Korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming? (c) Korleis opplev miljøterapeutane det tverrfaglege samarbeidet knytt til traumesensitiv tilnærming? (d) Korleis opplever miljøterapeutar effekten av traumesensitiv tilnærming?

## 2.0 Metode

Denne oppgåva er ein del av eit større forskingsprosjekt. Oppgåva baserer seg på den kvalitative delen av forskingsprosjektet. Vidare blir det difor referert til arbeid som er gjort i samarbeid med medstudentar, vegleiarar og andre som «vi».

I denne oppgåva er det gjennomført kvalitative intervju. Dette fordi at problemstillinga stiller spørsmål som behøver ei kvalitativ metode. Ettersom at problemstillingar søker førstehandskunnskap var det nødvendig å gjennomføre intervju. Oppgåva går nærmere inn på korleis miljøarbeidarar arbeidar traumesensitivt. Den kvalitative metoden byggjar på å kunne hente fram det underliggende, opplevinga og meininga med noko (Dalland & Keeping, 2020, s. 54). Vi har saman kome fram til ein felles intervjuguide som vi konstruerte for å samle inn data knytt til problemstillingane. Intervjeta gjennomførte vart transkriberte før dei blei tolka og analysert. Vi har valt å analysere og tolke etter Clarke og Braun sin versjon av tematisk analyse (Braun & Clarke, 2006). Dette gir oss ein felles måte å arbeide på. Samtidig er den modellen til Clarke og Braun laga spesifikt for studentar som ikkje har mykje erfaring med å gjennomføre tematiske analyser. Dette gjer den brukarvennleg og lett å forstå (Braun & Clarke, 2006).

### 2.1 forkunnskap

Eg har lite erfaring knytt til traumesensitiv tilnærming. Tidligare kunnskap består av informasjon knytt til faglege samtalar med medelevar og lærarar. Eg vart interessert i prosjektet fordi det gav meg moglegheita til å kunne dykke djupare inn i kva som ligg i traumesensitiv tilnærming og traume. Eg har og eit ønskje om å jobbe i skulen. Difor var dette ein glimrande moglegheit for å kunne tileigne meg relevant kunnskap. Før intervjeta blei gjennomført med informantane hadde eg tileigna meg kunnskap om traumesensitiv tilnærming gjennom prosjektmøter. I prosjektmøta hadde vi framlegg av relevante artiklar. I tillegg til prosjektmøta hadde eg lese meg opp på andre forskingsartiklar og anna litteratur. Kunnskapen eg hadde ved intervjustart var framleis svært generell og gjekk ikkje inn på spesifikke framgangsmåtar og/eller teoriar.

## 2.2 Informantar

Vi har rekruttert fire informantar kvar frå ulike skular som skal gi oss innsikt i korleis miljøterapeutar jobbar traumesensitivt. Vi søkte etter informantar på fleire måtar. Blant anna gjennom relevante sosiale netteverksgrupper og tok direkte kontakt hos skular der vi visste det arbeida miljøterapeutar. Vi brukte kontaktar vi kjenner frå tidlegare som for eksempel vennar, familie og liknande. Til denne studia vart det gjennomført fire intervju. Ein av informantane møtte ikkje kriteria og blei difor ekskludert. Alle informantane inkluderte var utdanna barnevernspedagogar. Informant 1 hadde i tillegg vidareutdanning innan sosiologi, og studerte pedagogikk ved sidan av jobben. Informant 1 hadde og tidligare erfaringar innan psykisk helse og rus. Informant 2 hadde i tillegg vidareutdanning innan psykososialt arbeid. Informant 1 har tidligare jobba i barnevernstenesta, feltarbeidar, PP tenesta. I tillegg har ho erfaringar frå fritidstilbod for barn og unge. Informant 3 er tidligare utdanna i friluftsliv og har tidligare jobba innan barnevernstenesta i åtferdsinstitusjon. To av informantane hadde opplæring i traumesensitiv tilnærming frå deira utdanningar, medan informant 3 hadde tatt kurs før han begynte som å jobbe i skulen.

## 2.3 Inkludering og ekskluderingskriterie

For å kvalifisere seg som informant måtte vedkommande ha relevant høgare utdanning som blant anna barnevernspedagog, sosionom eller vernepleiar. Samtidig måtte informanten jobbe som miljøterapeut i skulen eller anna tilnærma likt arbeid. Det var også viktig at dei jobba med traumesensitiv tilnærming eller har opplæring i korleis ein jobba med traumesensitiv tilnærming.

## 2.4 Data innsamling og analyse

Eg intervjuja informantane ved å bruke simistrukturerte kvalitative intervju. Eg gjennomførte simistrukturerte intervju slik at eg kan stille oppfølgingsspørsmål undervegs. Intervjuguiden eg har laga på førehand har spørsmål som skulle sikre at eg fikk den dataen som var nødvendig for oppgåva. Intervjuha som oppgåve å gi oss eit innblikk i korleis miljøarbeidarar jobbar traumesensitivt samt kva dei legg i å jobbe med den arbeidstilnærminga. Intervjuguiden ønsker også å sjå på kva brukargrupper som er utsatt og korleis traumar kjem til uttrykk i skulen, altså i klasserommet og i skulegarden.

Grunna Koronarestriksjonane blei alle intervjuia gjennomført digitalt. Intervju vart gjennomført over zoom eller telefon. Diktafon vart nytta for å ta opp lyd, samt lagre opptaket på fram til det blir transkribert. Under intervjuia var ein annan deltakar i prosjektet tilstades for å observere.

Etter at transkriberinga er gjort vart intervjuia det koda og analysert. For at dette skal gjennomførast med best mogleg validitet og for å unngå å bli partisk vel eg å følgje Braun og Clark sine innføringar i korleis analysere data (Braun & Clarke, 2006). Ein analyserar data for å få oversikt og kunne vurdere den opp mot problemstillinga. Det er viktig at datamaterialet vurderast kritisk for å unngå å skape ulike feilkjelder.

## 2.5 Tolking

Tolkinga blei gjennomført etter den hermeneutiske sirkelen som Dalland skriv om i si bok om metode. Den hermeneutiske sirkelen er skapt for å forstå kva som blir forklart i ein tekst (Dalland, 2012, s. 58). Tolkinga blir ein del av den tematiske analysen og vert gjennomført av det transkriberte datamaterialet for å sjå etter likskapar eller ulikskapar (Braun & Clarke, 2006). Det er viktig at eg under tolkinga ikkje let meg påverke av tankar og meininger eg har gjort meg av litteratur eller anna som kan påverke. Dette for å minske mulighetene for feilkjelder. Eg vel å tolke datamaterialet i Nvivo. Dette er eit oversiktleg og godt hjelpemiddel for å lettare sjå samanhengar i datamaterialet. På denne måten vert ingenting blanda og du har betre kontroll.

## 2.6 Etiske vurderingar

Sidan vi skulle intervju miljøterapeutar i skulen var det nødvendig for oss å sende inn søknad til NSD. Prosjektet, diktafonbruk og intervjuguide blei godkjent av norsk senter for forskingsdata (vedlegg 3). Mellom intervjuia og transkriberinga blei diktafonen trygt lagra på kontoret til prosjektleder. Etter transkriberinga var fullført og anonymisert vart opptaket sletta og transkriberinga lagra. Kvar informant blei gitt eit samtykkeskjema (vedlegg 2) som dei måtte signere før dei kunne delta på intervjuet. NSD understreka at alle informantar skulle minnast på teieplikta. Vi som intervjuar var også klar på at vi måtte pause intervjuet

om sensitiv informasjon blei gitt. Det var og gitt klare retningslinjer på førehand av Høgskulen på Vestlandet (HVL) at vi ikkje fekk lov til å intervju brukarar. Med andre ord fikk vi berre lov til å intervju tenesteytarar. Som student har eg og teieplikt. Eg kan ikkje gi personar utanfor prosjektet sensitiv informasjon om kva som kjem fram under intervjeta eller om informantane sjølv.

## 2.7 Validitet

Når ein gjennomfører kvalitativ forsking skapar det store datamengder, og arbeidet kan bli uoversiktlege. I oppgåva vert eg nøyd til å venta til etter eg er ferdig med den tematiske analysen før eg kan begynne å redusere datamengda som skal vere med i forskinga. Ein slik prosess stiller krav til validitet. Validiteten av oppgåva stiller spørsmål som til dømes kva punkt kan vi forsikre oss om at analysen treffer spørsmåla vi ønskjer å treffe, eller korleis kan vi vere sikre på at vi forskar på det vi vil forske på? Validiteten kan definerast i kva grad forskinga beskriver, målar eller forklarar kva det ønska å beskrive, måle eller forklarar (Willig, 2013, s. 149-161). I motsetning til kvantitativ forsking viser kvalitativ validitet til at informant kan utfordre forskarenes tankar om meininger og relevansar av konsept og kategoriar (Willig, 2013, s. 149-161).

## 2.8 Reliabilitet (pålitelegheit)

Reliabilitet er eit viktig aspekt av kvantitativ data. Eit svar er påliteleg om ei studie viser det same resultatet ved fleire anledningar. Kvalitativ forsking er mindre oppteken av pålitelegheit. Dette er fordi kvalitativ forsking utforskar eit spesifikt og mogleg unikt, fenomen eller opplevelingar på ein meir detaljert måte. Kvalitativ forsking prøver ikkje å måle ein spesifikk eigenskap blant ei større mengde personar (Willig, 2013, s. 149-161).

## 2.9 Feilkjelder:

Grunna covid-19 her det ikkje våre mogleg for prosjektet å gjennomføre fysiske intervju. Difor har intervjeta blitt gjennomført på Zoom og telefon. Feilkjelder som kan oppstå er bl.a. at det tekniske ikkje er god nok kvalitet på. Lyden blir teken opp på diktafon. Dersom det var mykje bakgrunnsstøy kunne enkelte ord bli vanskeleg å fange opp i optaket. Digitale møter krev og godt internett for å ikkje miste signal. Når informantane ikkje sit saman med deg kan det oppstå feiltolkingar sidan du som intervjuar ikkje ser personen og ikkje kan sjå eventuelle bevegelsar eller ansiktsuttrykk. Informantane har og ei anna rolle når dei blir intervjuar over telefon. Det kan verte vanskeleg for informantane å snakke kontinuerleg og lenge når dei snakkar i ein telefon. To av informantane hadde heimekontor etter kommunevedtak. Dette medførte at eine informant fleire gongar vart distraherte av barna.

## 3.0 Resultat

Den tematiske analysen resulterte i følgande tema: (a) Traumesensitiv tilnærming (b) Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming og (c) korleis opplev miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming. Vidare skal eg presentere funna i dei tre kategoriane.

### 3.1 Traumesensitiv tilnærming i skulen

Gjennom den tematiske analysen viser traumesensitiv tilnærming seg som eit overordna tema. Under temaet traumesensitiv tilnærming viser det seg mindre tema som metodar, målgrupper og personlege eigenskapar. Informantane gav og mykje data knytt til traume og traumesymptom i samanheng med traumesensitiv tilnærming. For å få miljøterapeutane si komplette forståing til traumesensitiv tilnærming har eg valt å ta med noko om desse punkta under traumesensitiv tilnærming i skulen

Informantane viste alle til traumesensitive tilnærmingar i skulen. Mange av funna som oppstod var basert på ei traumesensitiv tilnærming med fokus på, tryggleik, relasjon, meistring, motstandsstyrke og at terapeuten skal vere imøtekommende. Informantane fortel at tryggeliken og relasjonen er sentrale omgrep. Desse omgrepene er sentrale for at eleven opnar seg opp, og er trygge på terapeuten. Informantane viser til at denne prosessen tek lang tid. Informantane viser til dømer som 8mnd, 3 år og 6år.

Informantane viser til at dei har god kunnskap om ulike traumesymptom. Traumesymptoma kjem igjen fleire gongar og informantane viser ofte til symptom som teikn på traume eller resultat av traume. Informant 1 viser til korleis informanten forstår traumesensitiv tilnærming:

*Det eg legg i traumesensitiv tilnærming, eller traumebevisst omsorg det er at ein har ein forståing for at ulike hendingar kan påverke. I mitt tilfelle då barn og ungdommen sin både kognitive utvikling, åtferd, helse, framgang i skulen i henhold til fagplan, undervisning, ja. Det at man har ein forståing for at akutte traumar eller langsiktige traumar kan påverke dei slik. Delane av barn og ungdommen då.*

Informantane visar alle til kunnskap om at traumesensitiv tilnærming er ein måte å reflektere over kvifor ein handling skjer, i staden for å reagere på sjølve handlinga. Informantane har og kunnskap om traumesensitiv tilnærming knytt til fleire nivå. Det vert nemnt at den traumesensitive tenesta vert gitt både til elevar som ein veit har våre i traumatiske opplevingar og til personar som ein undrar seg over kan ha våre i slike situasjonar. Informanten fortel også at det er på denne måten ho forstår traumesensitiv tilnærming og at det ved hjelp av denne tilnærminga informanten arbeidar med ulike smerteuttrykk.

Informantane viser og i intervjeta til ulike traumesymptom som oppstår i ein skuledag. Informantane viser til to typar symptom: utagerande og innagerande. Informant 1 viser til nokon dømer som:

*For nokon så kan det vere at det er ein førsteklassing som ikkje prata for eksempel, eller at det er ein femteklassing som berre stormar ut av klasserommet og som stikk av og gøymer seg. Nei det kan vere at dei ikkje har blitt tørr, at dei enda har uhell og tissar på seg, det kan vere vold, altså at ein blir voldeleg, det kan vere angst, depresjon, sjølvskading, det kan vere at man klarer ikkje å stå i faget og følg med i timen, får ikkje med seg kva som skjedd og anar ikkje kva som har skjedd inni klassen kan ikkje fortell når timen er over.*

Informantane viser seinare til at det er fleire dømer som at leik ikkje fungerer i friminutta, at eleven ikkje har adekvat kognitiv utvikling og at emosjonsreguleringa er därleg. Samtidig viser informanten til at dette også kan vere med på å skape ein utanforskapsheit som igjen

gjer det vanskelegare å prate med nokon. Informantane forklarar alle at traumesymptoma mellom elevane er ulike. Det er som regel ikkje dei same symptoma som går igjen.

Traumesymptoma er ofte ulike og skjulte fortel informantane. Dei fortel og at det oftare er utagerande symptom som blir fanga opp i staden for innagerande. Den tredje informanten viser og til eksempel om elevar som går ekstra runder rundt skulen før skulen startar, og som tydeleg viser at eleven ikkje ønska å gå inn på skulegarden. Informant 3 fortel at dette er eit typisk symptom på traume og at han i denne situasjonane ville snakka med eleven og starta ei relasjonsbygging som skal verke tryggande for eleven. Miljøterapeuten fortel og at det er viktig at ein er genuint interessert i å hjelpe, sidan at ein skal bygge ein relasjon og at det då er svært viktig å framstå som ein person som ønska å vere der for eleven. Vidare påpeikar miljøterapeuten at det er viktig å vere bevisst på at elevar og yngre menneske ofte ikkje har noko «filter» og at ulike detaljar i fortellingane deira kan vere svært groteske. Informanten fortel at det då er kritisk å vere ein profesjonell tenesteytar å ta godt vare på eleven og møte han/ho på ein positiv måte. informantane seier at det i dei seinare åra har kome fleire tilfelle av elevar som prøvar å seie ifrå på sosiale medium eller som ein video når dei skal levere lekser via IPad eller anna elektronisk hjelphemiddel. To av informantane fortel at det er viktig at ein som miljøterapeut gir eleven rom og muligheter til å snakke og fortelle om korleis ein har det. Desse meldingane kjem gjerne privat eller diskré om det er mogleg.

Informantane visar og til ulike målgrupper som viser ein større behov for traumesensitiv tilnærming. Alle Informantane visar til elevgrupper med fleirkulturell bakgrunn ofte er meir utsatt enn andre. Dei påpeikar og at det er ofte meir utfordringar med elevar som kjem frå andre land en Norge. Informantane viser også til at dei arbeidar med elevar som kjem frå vanskelege situasjonar som flukt eller liknande. I desse situasjonane ønska miljøterapeutane å sette seg inn i korleis situasjonen var der for å betre kunne forstå korleis eleven har det. Informantane visar og til andre typiske elevgrupper som til dømes er flytta gjennom barnevernstenesta, eller som har opplevd dødsfall, venta dødsfall, skilsmisse eller som har ein underliggende psykisk lidning. Informantane viser til at dei og anvender traumesensitivt til næming som eit førebyggande tiltak. Vidare viser informantane til at arbeidet treff alle elevane på skulen, men at dei det er påvist med eller ein tenkjer kan ha traume får ekstra tett oppfølging.

### 3.2 Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming

Miljøterapeutar i skulen utøver og brukar gjerne metodar og tankesett ulikt. Skulane som informantane er tilsette ved jobbar ikkje uttalt med traumesensitiv tilnærming. To av informantane har hatt traumesensitiv tilnærming under utdanninga, medan ein av dei har hatt seminar etter utdanninga. I temaet om korleis miljøarbeidarar anvender traumesensitiv tilnærming vil eg gå gjennom ulike undertema som for eksempel metodar, tilpassing, utfordringar.

Alle informantane viser til at dei anvender traumesensitiv tilnærming som eit tankesett og ikkje som ein modell. Dei påpeikar også at det er ulik måte å jobbe på med kvar elev og at ingen individ er like. Informant 1 seier også at ein må ha eigenskapar til å vere forutsigbar, ikkje dømme og kunne lytte og samtidig som ein har den faglige forståelsen til å vite kva som føregår. Informant 2 fortel og at ho jobbar utifrå Bath sine grunnpilarar om tryggleik, relasjon og «coping» (motstandsstyrke). Informanten viser seinare til bruken av ulike metodar som toleransevindauge, den tredelte hjernen (følelsehjernen, tenkehjernen og overlevingshjernen), samt «Circle og security» (tryggleikssirkelen).

Informant 3 følgjer på lik linje som dei to andre informantane traumesensitiv tilnærming som eit tankesett. Informanten fortel og at mange barn eller elevar han jobbar med som ikkje viser at noko er gale før ein har skapa ein relasjon med dei:

*På ein barneskule så kan det hende at ein på ein måte ikkje ser det er noko gale før du begynner å prate med dei. At det kanskje ikkje er noko gale eigentleg, men so kjem det fram fordi du bygger tillit, ja.. relasjon da.*

Informanten påpeika og viktigheita av å kunne bygge tillit til fleire samtidig. Informanten fortel at dei ikkje er nok miljøterapeutar i skulen til å kunne møte berre ein og ein elev. Informanten vidareførar derfor sin kunnskap om traumesensitive tilnærmingar over på lærarane. Dette slik at dei skal vere betre rusta til å handtere ulike traumesymptom. I tillegg fortel informanten at samarbeider med læraren gir læraren moglegheit til å kunne tilpasse skulekvardagen med for eksempel å tilpasse kven som arbeidar i grupper. På denne måten kan læraren tilpasse elevens behov.

*Fordi eg jobbar jo også ein del oppimot lærarar, og vegleia lærarar inn mot elevar som har vanskar då. Og det er faktisk akkurat det same der, fordi.. erm.. Visst ein lærar for eksempel er redd for ein unge.. ungen utagera og er fysisk. Så er det ikkje tryggleik der sant. Og då klare ikkje elevane å bygge den relasjonen som skal til.*

Informant 3 viser vidare til ulike teknikkar han gjer i samarbeid med lærarane slik at dei skal kunne handtere situasjonen betre. Informanten viser blant anna til pusteteknikkar som eit eksempel på korleis læraren skal handtere situasjonen. Informanten fortel og at samarbeidet med lærarar var utfordrande i byrjinga, men at dei no har fått tillit til at miljøarbeidarar har kompetanse til å kunne bidra i slike situasjonar.

### 3.3 Korleis opplev miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming

Informantane viser til fleire tema som bygger under opplevinga av traumesensitiv tilnærming. Informant 1 viser igjen til at traumebevisst tilnærming er noko som ligg i bakhovudet gjennom heile arbeidet. I intervjuet fortel terapeutane at dei opplev ein merkbar forskjell på elevane sitt faglege utbytte, konsentrasjon og ro i klassen når ein arbeidar traumesensitivt i forhold til når ein ikkje gjer det. Informant 2 fortel at det er like viktig å «ikkje gjere noko» som det å faktisk gjøre noko. Informanten nemner at det å kunne vere der for personen sjølv om du ikkje har avsett tid til den eleven. Informanten fortel at dette kan vere med på å skape ein «Circle of security» (tryggelikssirkel). Terapeuten beskriv dette eksempelvis med at eleven kan kome innom kontoret for å få roa ned om eleven merkar det vert for mykje. Terapeuten spesifiserte at du då må vere tilgjengeleg om denne situasjonen oppstår.


Informant 2 fortel at i ein typisk skulekvardag opplev miljøterapeutar ofte at mykje skjer på same tid, som til dømes at det til tider kan vere fleire som ropar etter hjelp på same tid. Informant 2 vektlegg viktigheita av å vere tilgjengeleg for eleven så ofte som mogleg. Miljøterapeuten må også forklare at det ikkje alltid passar å vere tilgjengeleg for alle. Ho beskriver dette som ei svakheit knytt til traumesensitiv tilnærming. Informanten påpeikar at dei og av og til kan ha vanskar i å oppdage elevar som har indre symptom i staden for å vise symptom som fysisk utagering.

*Også det som eg nemnte i stad med diverse utagering. Og det er ikkje sikkert det er meir av utagering enn det er av innagerande åtferd, men den er jo unekteleg enklare å sjå.. og sterkare sant. Så kanskje vi går glipp av nokon dei tinga som skjer som eleven ikkje greier å vise eller prøver å ikkje vise, men som er like mykje som føregår i det som ikkje blir sagt og gjort som i det som blir sagt og gjort med den typiske utagerande åtferda som eg nemnte i stad. Så det er veldig samansett.*


Informantane påpeikar at det er mange traumesymptom som også kan vere symptom på andre psykiske lidinger. Dette gjer det og til tider vanskelig å skilje mellom kva som er kva. Informantane viser også til effekten av å opprette trygge relasjonar. Informant 3 påpeikar at mange av barna som slit har opplevd store tapsopplevelingar gjennom oppveksten sin, og at mange av dei ikkje har fått den omsorga av dei vaksne som dei treng. Dette gir dei store tapsopplevelingar. Dette gjer det vanskelig for barnet å støle på vaksne. Difor er det viktig å etablere ein tryggleik og relasjon i det arbeidet ein gjer fortel informant 3. Dette kan føre til at du over tid kan bli den omsorgspersonen som kan gi dei støtta dei treng å hjelpe dei vidare. I intervjuet gav alle informantane uttrykk for at traumesensitiv tilnærming er noko som burde implementerast meir i skulane. Han påpeikar at det heilt klart er ein nyttig og viktig tankesett å jobbe etter, men dei påpeikar og viktigeita av å rette tankesettet inn mot individet sine problem og ikkje følge den slavisk.

*Eg synst at det er ein nyttig modell å jobbe etter, med forbehold med at man tenker at ein modell kan aldri dekke kvart enkelt individ. Altså ein modell er eigentleg ein vegleiar for korleis kan gjøre det, korleis ein god måte å gjere det på, men å følge slavisk uansett kva for ein modell det er i arbeidslivet med menneske trur eg er veldig usunt, men eg tenker at utgangspunktet er veldig veldig bra.*


### 3.4 Tematiske Resultat av Koding



Figur 2 Korleis forstår miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming (Resultat koding)



Figur 3 Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming (Resultat Koding)



Figur 4 Korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming (Resultat koding)

## 4.0 Diskusjon

Hittil i oppgåva har eg vist til teoretiske aspekt frå empiri, gjennomgått den metodiske framgangsmåten i oppgåva og vist til resultat som kom fram gjennom tematisk analyse av intervju med informantane. Oppgåva er retta etter problemstillinga: «*Korleis anvender og opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming i skulen*». Gjennom resultatdelen viser det seg 3 tydelege hovudfunn: (a) Kva legg miljøterapeuten i traumesensitiv tilnærming. (b) Korleis brukar miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming og (c) Korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming.

Under (a) traumesensitiv tilnærming viste informantane til eit tankesett som sett fokus på tryggleik, relasjon, mestring, motstandsstyrke og at terapeuten skal vere imøtekommende. Samtidig viser informantane til at dei har god forståing kring traumesymptom. Under temaet (b) korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming viser informantane til at deira forståing av traumesensitiv tilnærming er god å bruke som eit tankesett, men at alle miljøarbeidarar er nøydde til å tilpasse tankesettet utifrå kva elevar dei jobbar med og deira vanskar. Informantane viser og til at dei jobbar opp mot lærarane for å gjere dei meir komfortable med traumesensitiv tilnærming. Samtidig aukar det samarbeidet mellom lærarar og miljøarbeidarar. Informantane ønskjer også å framheve at traumesensitiv tilnærming har fokus på kva som ligg bak handlinga. I temaet (c) korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming viser alle miljøterapeutane til at det er ein godt tankesett med gode verdiar. Dei påpeikar og at det er kritisk at alle skulane har tankesettet i tilbodet sitt. Informantane viser og til at det til tider kan vere vanskeleg å skilje traumesymptom og kva som er andre vanskar. Samtidig påpeikar dei at det og er vesentleg enklare å sjå utagerande åtferd og dei urolege symptomata enn dei som er internaliserande.

### 4.1 Kva legg miljøterapeuten i traumesensitiv tilnærming?

Funna viser at miljøterapeutar ser på traumesensitiv tilnærming som eit tankesett ein brukar for å jobbe med det som ligg bak ei handling i staden for å reagere på handlinga i seg sjølv. Dette viser seg igjen i dei første syna på traumesensitiv tilnærming til Harris og Fallot (Harris & Fallot, 2001). Miljøterapeutane viser til eit perspektiv som bygger på at miljøterapeutar skal ha innsikt nok i arbeidet saman med barn og unge til å forstå korleis dette påverkar

blant anna kognitiv utvikling, åtferd, helse, undervisning og utvikling i forhold til fagplan. Cohen peikar på viktigheita av at terapeuten som skal arbeide med elevar og elevens pårørande må vere i stand til å forstå kompleksheita til traumet og korleis dette kan påverke barnet (Cohen et al., 2018, s. 115). Vidare viser Cohen til at arbeidet som skal gjennomførast er så komplekst er det er anbefalt at terapeutar bør ha gjennomgått full opplæring, og ha innsikt i psykisk helse og barnets utvikling (Cohen et al., 2018, s. 115).

Funn frå resultatdelen viser at miljøterapeutar brukar det mest grunnleggande av traumesensitiv tilnærmingar. Eksempelvis Bath (2015) sine grunnpilarar som bygger på relasjon, tryggleik og motstandsstyrke (coping), samtidig som at dei er bevisste på kva traumesymptom er og at personar som jobbar med dette tankesettet skal klare å reflektere seg til kva som kan ligge bak ei handling. Miljøterapeutane viser ikkje til meir komplekse traumesensitive tilnærmingar som for eksempel HEARTS modellen av Dorado, eller TF-CBT av Cohen (Cohen et al., 2018, s. 65-84; Dorado et al., 2016). Dette kan det vere fleire grunnar til informantane peika på at dei har lite om traumesensitiv tilnærming i utdanninga og at det er få miljøarbeidarar på skulen som har kunnskap om temaet. Det kan og tenkast at dei internasjonale modellane som HEARTS og TF-CBT ikkje er implementert i undervisninga av miljøterapeutar eller i det norske skuletilbodet.

#### 4.2 Korleis anvender miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming?

Informantane viser i intervjuua til at dei anvender traumesensitiv tilnærming for å kunne byggje relasjon med elevane samtidig skape tryggleik. Omgrep som tryggleik, relasjon, resiliens og «circle of security» blir hyppig nemnt. Informantane viste og til dømer på den tredelte hjernen. Her viser informantane til teori som speglar Bath sine grunnpilarar og resiliens slik det vert forklart av Borge i boken *resiliens* (Bath, 2015; Borge, 2010, s. 13). Walkley og Cox forklarar i sine studier at miljøterapeutar har ei unik mulighet til å forme, utvikle og implementere traumesensitiv tilnærming i skulane (Walkley & Cox, 2013, s. 125). Han viser også til konkrete framgangsmåtar for korleis miljøterapeutar skal gå fram i arbeidet. Informantane viser til fleire måtar å implementere traumesensitiv tilnærming inn i skulane. Resultata visar til at miljøarbeidarar arbeider direkte inn mot lærarar. Walkley og Cox viser til miljøterapeutar si rolle i å gjere skulen til ein meir traumesensitiv arena. Eit av punkta dei viser til er at miljøterapeutane har gode moglegheiter til å skape traumesensitive

praksisar og overføre dei til alle tilsette i skulen som er med å arbeide med elevane (Walkley & Cox, 2013, s. 125-130). Walkley og Cox påpeikar at det i Washington har blitt implementert fleire traumesensitive tilnærmingar og traumesensitive utdanningar blant tilsette i skulane. Dette har gitt gode resultat (Walkley & Cox, 2013, s. 125). Det kan altså tenkast at norske skular kan oppleve liknande resultat ved å implementere traumesensitive tilnærmingar i skulesystemet og utdanne tilsette.

Informantane påpeikar at skulane i dag ikkje er nokon behandlingsarena, men at dei ikkje ser vekk i frå at den kan bli det i framtida. Nordahl påpeikar i sin rapport at det er for mange barn i skulen som blir sittande for lenge utan å få den hjelpa dei treng. Dette medføra at når dei først får hjelp kan vanskane allereie vere så store at elevane ikkje får godt utbytte av den ekstra tenesta dei får (Nordahl, 2018, s. 15-17). Nordahl viser til at det er eit behov for eit støttesystem for barn og unge i skulane. Han peikar på at slike støttesystem både er omfattande og nødvendige endringar som gjerast i det norske skulesystemet (Nordahl, 2018, s. 186). Resultata av intervjua og Nordahl visar til eit større behov for spesialistar og støttegrupper i skulen. Det kan altså tenkast at det trengs fleire slike grupper som til dømes miljøterapeutar inn i skulen for å sikre behova til elevane og tenesta. Nordahl viser og i sin rapport at den norske skulen ikkje har den nødvendige kompetansen som skal til for å kunne møte alle elevane og dei behova som følger med (Nordahl, 2018, s. 186). Det kan tenkast at miljøterapeutar som er tilsette i skulen ikkje har den nødvendige spesalkompetansen som skal til for å arbeide med barn som har komplekse- og enkelttraume. Informantane fortel også at det ikkje er nok miljøterapeutar i skulen og at det blir ei for stor oppgåve for dei å implementere traumesensitiv tilnærming aleine. Funna viser altså til ein svakheit ved kompetansen til miljøterapeutar i skulen samtidig som at skulesystemet gjer det vanskeleg for miljøterapeutar å jobbe traumesensitivt.

#### 4.3 Korleis opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming?

Informantane viser til ein forskjell i relasjonen mellom elevane og tilsette som utfører tilnærminga og tilsette som ikkje utførar den. Informantane viser til betre fagleg utbytte og konsentrasjon i timen blant elevane som dei har oppfølging saman med. Informantane viser også til at metodar som «circle of security» og resiliens øvingar er effektiv sidan det gir elevane moglegheit til å sjølv vere trygge og betre rusta utan at miljøterapeutane må vere tilstades.

Informantane forklarar at dei opplev tilnærminga som god, men at den har ulike problem. Traumesymptoma kan vere like symptom på andre psykiske lidingar noko som gjer det vanskeleg for ein miljøterapeut å vite kva dei ser. Informantane peikar også på at det er kritisk at den traumesensitive tilnærminga blir rekna som eit tankesett i staden for ein stegvis modell. Dette fordi at det er menneske ein jobbar med. Miljøterapeutane har fått tilbakemelding om at tankesettet fungera bra i skulen hjå elevar som har tett oppfølging, spesielt ved tilfelle der tilgjengeleghet er viktig. Informantane viser og til dømer der samarbeidet saman med andre lærarar er utfordrande. Nordahl skriver i sin rapport om skuletenesta at miljøarbeidarar er ei relativ ny yrkesgruppe i skulen. Nordahl spesifiserer at denne rolla ikkje er lovpålagt. Han viser til at samarbeidet med lærarar i stor grad varierer frå skule til skule og at det ofte blir basert på personavhengigheit i relasjonane (Nordahl, 2018, s. 9). Det er velkjent i tverrprofesjonelt samarbeid at det er kritisk med gode relasjonar i arbeidet. Walkley og Cox forklarar viser til fleire punkt som gjer det vanskeleg for miljøterapeutar å implementere traumesensitiv teneste. Eit av dei er ein motstand mot forandring (Walkley & Cox, 2013, s. 124-125). Informantane viser ikkje til ei målbar oppleving av traumesensitive tilnærmingar. Det kan derfor tenkast at ein treng RCT-studie (Randomized Controlled Trail) for å betre kunne vise til effekten av slike tankesett og tilnærmingar i skulen.

Informantane visar at det er vanskelegare å oppdage innagerande traumesymptom. Med innagerande traumesymptom meinast ofte interpersonlege traumesymptom. Interpersonlege traumesymptom bygger på at dei sosiale relasjonane hos barn endrar seg. Og at barn ofte tregg seg tilbake og omgår seg ikkje med gjevnaldra lenger. Barn med slike symptom kan og miste glede for vanlege aktivitetar (Cohen et al., 2018, s. 50-62). Det kan tenkast at miljøterapeutar har vanskar med å oppfatte interpersonlege traumesymptom sidan lyd, slåssing og anna aktive åtferd fangar merksemda lettare enn «stille» elevar. Sjølv om det er enklare å oversjå denne typen åtferd er konsekvensen at barnet kan utvikle fleire og meir alvorlege traumesymptom, samt at barnet har auka risiko for å bli eksponert for fleire traumatiske opplevingar (Cohen et al., 2018). Det at det finnast slike avvik i skulen blant miljøterapeutar kan indikere at det er store kunnskapshol samtidig som at kompetansen på fagfeltet er for låg.

#### **4.4 Praktiske implikasjonar miljøterapeutiske arbeid i skulen**

I rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge*, skriver Nordahl at det er eit vaksande behov for spesialistar inn i skulen. Det blir i boka kritisert at kompetansen innan skulefeltet ikkje er god nok til å møte dagens behov for barn og unge (Nordahl, 2018, s. 9). Walkley og Cox skriver i sin artikkel at sidan utviklinga av eit traumesensitivt system krev samarbeid mellom alle som tek del i å arbeider med barnet, er miljøarbeidaren godt egna til å kunne vere ein ledande figur i å implementere ein slik teneste (Walkley & Cox, 2013, s. 125). Dette støttast av informantane. Sett i lys av rapporten til Nordahl visast det til eit større behov for andre yrkesgrupper som til dømes miljøterapeutar i skulen. Som vist tidlegare er det ein større grad av utagerande åtferd som blir fanga opp av miljøterapeutar. Det kan tyde på at det er eit større behov for kunnskap om dei «stille» elevane. Det visar seg også at samarbeidet mellom lærarane og miljøterapeutane er utfordrande. Elevar som er utsett for traumatiske opplevingar kan ha eit behov for eit tverrprofesjonelt tenestebilete. Dette gjer samarbeidet mellom lærarar og miljøterapeutar viktig. Informantane viser til at traumesensitiv tilnærming er eit tenkjesett og ikkje ein modell, noko som gjer at kvar enkelt elev får ein anna tilnærming. Dette kan vere positivt fordi at eleven no får ein komplett tilnærming etter sine behov og vanskar, men kan og vere negativt sidan tenesta vert lagt opp etter kva miljøterapeuten ser på som viktig og ikkje kva forsking og teori viser til.

#### **4.5 Styrkar og svakheitar med studiet**

I denne oppgåva her eg sett på korleis miljøterapeutar anvender og opplever traumesensitive tilnærmingar. Ei begrensing i studia er at utvalet består av 3 informantar. Sjølv om det vart gjennomført kvalitative intervju, vert utvalet for lite for å kunne drage generaliserande sluttningar. Dette er og første gongen eg har gjennomført kvalitative intervju sjølv, noko som kan skape begrensingar. Intervjua vart halde over zoom-konferansar og telefon grunna covid-19. Dette gav nokon utfordringar ettersom ein av informantane hadde heimekontor og hadde barn i naborommet. Eg hadde lite kunnskap om feltet før når eg tok tak i tema. Dette gav meg eit meir nøytralt syn på tenesta. Dette ser eg som ein styrke ved at eg er nøytral og ikkje har sterke meininger om fagfeltet, men og som ein svakheit sidan eg ikkje er oppdatert på forsking og har kompetanse frå fagfeltet. I tillegg var det aller meste av

litteratur eg brukte på engelsk, noko som gir meg eit større og betre biletet på tenesta i internasjonale kontekstar, men som og gjer at oversittningar kan vere noko usikre. Ei styrke ved oppgåva er at forskinga som er brukt er nyare og oppdatert, dette er gjort for å forhindre bruken av utdatert forsking. Eg er og nøydd til å påpeike at modellar som HEARTS og TF-CBT er internasjonale tilnærmingar noko som gjer at sjølv om studiet representerer same målgruppa kan det tenkast at dei ikkje kan direkte overførast sidan forskjellar som skulesystemet og arbeidsmåte er ulik. I oppgåva strevar eg etter å følge Henwood og Pidgeon sine punkt for god kvalitet på kvalitativ forsking (Henwood & Pidgeon, 1992). Desse punkta poengtera blant anna viktigheten av å halde seg tett til dataen, dokumentasjon teoretisk ingenting av data og kritisk vurdering av andre og eiga forsking (Henwood & Pidgeon, 1992).

#### 4.6 Oppsummering

I oppgåva her eg tatt føre meg problemstillinga: «korleis anvender og opplever miljøterapeutar traumesensitiv tilnærming i skulen?». Eg har gjennomført studie for å skape ei betre forståing på kva ein traumesensitiv teneste inneholder, samt korleis miljøterapeutar kan anvender og implementere tilnærminga i skulekvardagen. Resultata indikerte ar det er eit stort behov for auka kunnskap for traumesensitive tilnærmingar inn i den norske skulen og blant tenesteytarar. Teori presentert viser til eit større behov for spesialiserte tenestestyrar i skulen. Resultata av intervjeta tyder på at miljøterapeutar anvend traumesensitiv tilnærming som eit tankesett og ikkje ein modell. Samtidig opplever miljøterapeutane tilnærminga som god. Studiet viser til at samarbeidet mellom miljøarbeidarar og lærarar i skulen kan vere vanskeleg.

Resultatet av studien tydar på at det er mangel på kunnskap, men det trengst meir forsking på fagfeltet. Ettersom miljøterapeutar sliter med å vise til spesifikke resultat kan det tenkast at det vil vere nødvendig med RCT studium for å kunne vise til effekt.

## 5. 0 Litteraturliste

- Alisic, E., Zalta, A. K., van Wesel, F., Larsen, S. E., Hafstad, G. S., Hassanpour, K. & Smid, G. E. (2014). Rates of post-traumatic stress disorder in trauma-exposed children and adolescents: meta-analysis. *Br J Psychiatry*, 204, 335-340.  
<https://doi.org/10.1192/bjp.bp.113.131227>
- Anstorp, T. & Benum, K. (2014). *Traumebehandling : komplekse traumelidelser og dissosiasjon*. Universitetsforl.
- Bath, H. (2015). The Three Pillars of TraumaWise Care: Healing in the Other 23 Hours1. *Reclaiming children and youth*, 23(4), 5.
- Borge, A. I. H. (2010). *Resiliens : risiko og sunn utvikling* (2. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77-101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Cohen, J. A., Mannarino, A. P., Deblinger, E., Goveia, I. C., Jensen, T. K., Granly, L. & Fagermoen, E. M. K. (2018). *Behandling av traumer og traumatisk sorg hos barn og ungdom*. Universitetsforl.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Dalland, O. & Keeping, D. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave. utg.). Gyldendal.
- Dorado, J. S., Martinez, M., McArthur, L. E. & Leibovitz, T. (2016). Healthy Environments and Response to Trauma in Schools (HEARTS): A Whole-School, Multi-level, Prevention and Intervention Program for Creating Trauma-Informed, Safe and Supportive Schools. *School mental health*, 8(1), 163-176. <https://doi.org/10.1007/s12310-016-9177-0>
- Felitti, V. J., Anda, R. F., Nordenberg, D., Williamson, D. F., Spitz, A. M., Edwards, V., Koss, M. P. & Marks, J. S. (1998). Relationship of childhood abuse and household dysfunction to many of the leading causes of death in adults. The Adverse Childhood Experiences (ACE) Study. *Am J Prev Med*, 14(4), 245-258. [https://doi.org/10.1016/s0749-3797\(98\)00017-8](https://doi.org/10.1016/s0749-3797(98)00017-8)
- Harris, M. & Fallot, R. D. (2001). Trauma-Informed Inpatient Services. *New Directions for Mental Health Services*, 2001(89), 33-46.  
<https://doi.org/https://doi.org/10.1002/yd.23320018905>
- Henwood, K. L. & Pidgeon, N. F. (1992). Qualitative research and psychological theorizing. *Br J Psychol*, 83(1), 97-111. <https://doi.org/10.1111/j.2044-8295.1992.tb02426.x>
- Immerfall, S. J. & Ramirez, M. R. (2019). Link for Schools: A System to Prevent Trauma and Its Adverse Impacts. *Nasnewsletter*, 34(1), 21-24.  
<https://doi.org/10.1177/1942602X18785010>
- Nordahl, T. (2018). *Inkluderende fellesskap for barn og unge*. Fagbokforl.
- Nordanger, D. Ø. & Braarud, H. C. (2017). *Utviklingstraumer : regulering som nøkkelsbegrep i en ny traumepsykologi*. Fagbokforl.
- Opplæringsloven. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-1>
- Opplæringsloven. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-2>
- Walkley, M. & Cox, T. L. (2013). Building Trauma-Informed Schools and Communities. *Children & schools*, 35(2), 123-126. <https://doi.org/10.1093/cs/cdt007>

Willig, C. (2013). *Introducing qualitative research in psychology* (3rd ed. utg.). McGraw Hill  
Open University Press.

## **6. 0 Vedlegg**

### **6.1 Vedlegg 1 – Intervjuguide**

#### **Intervjuguide:**

- Grunnen til at du blir intervjuet i dag, er at du jobbar med traumesensitiv tilnærming, kva legg du i «traumesensitiv tilnærming»?
- Kva inneheld ein traumesensitiv tilnærming (metode/teknikkar, forståingsmodell?)
- Kva element tenker du er mest sentrale, altså viktigast for at det skal vere en traumesensitiv tilnærming?
- Korleis kjem traume til uttrykk på skulen – i klasserommet og i skulegarden?
- Kva elevgrupper trenger traumesensitiv tilnærming?
- Kva kjenneteiknar elevgrupper som trenger traumesensitiv tilnærming?
- Korleis erfara du at elevene responderer på denne tilnærminga?
- Syntest du traumesensitiv tilnærming er en nyttig modell å jobbe etter?
- Opplever du traumesensitivt tilnærming som ein fullstendig arbeidstilnærming?

## 6.2 Vedlegg 2 – Samtykkeskjema

# **Vil du delta i forskningsprosjektet "Traumesensitiv tilnærming i skolen"?**

**Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å lage en kunnskapsbase for traumesensitiv tilnærming i skolen.**

I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltagelse vil innebære for deg.

Vi ønsker kunnskap om hvilke erfaringer miljøterapeuter i skolen har gjort seg med traumesensitive tilnærninger, samt hva tilnærmingen inneholder og hvilke definisjoner som legges til grunn. For å finne ut dette, vil vi gjennomføre kvalitative dybdeintervjuer med miljøterapeuter i skolen og i den forbindelse blir du spurta om å delta.

### **Hjem er ansvarlig for forskningsprosjektet?**

Institutt for velferd og deltagning ved Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet. Prosjektleder er høgskolelektor Eireen Finden.

### **Hvorfor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta fordi du jobber som miljøterapeut i skolen og benytter deg av traumesensitive tilnærninger i arbeidet ditt.

Vi benytter strategisk utvalg, og ønsker å intervjuet til sammen 16 miljøterapeuter som jobber med traumesensitiv tilnærming i skolen.

### **Hva innebærer det for deg å delta?**

Deltakelse innebærer å sette av inntil 1 time til å bli intervjuet om dine erfaringer og tanker om traumesensitive tilnærninger i skolen. Vi finner sammen et passende sted å gjennomføre intervjuet.

## **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle dine personopplysninger vil da bli slettet. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

## **Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger**

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Vi vil samle inn intervjudata via diktafonopptak som senere vil bli transkribert. Vi vil ikke samle inn personopplysninger utover signert, informert samtykke. Kun medlemmer av prosjektgruppen vil ha tilgang til transkribert data.
- Samtykkene med navn vil bli oppbevart i safe ved forskningsinstitusjonen, adskilt fra lydopptakene. Diktafoner med lydopptak vil oppbevares i safe ved forskningsinstitusjonen frem til transkribering.

## **Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?**

Opplysningene anonymiseres ved transkribering og lydopptaket slettes så fort transkriberingen er fullført. Når prosjektet avsluttes noe som etter planen er 30.04.2022 vil alle data slettes.

## **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningene,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- å få slettet personopplysninger om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

## **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

## **Hvor kan jeg finne ut mer?**

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved Eireen Finden, [eireen.finden@hvl.no](mailto:eireen.finden@hvl.no) tlf 48146097.
- Vårt personvernombud: [Trine Anikken Larsen](#)

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

*Eireen Finden*

(Forsker/veileder)

---

## **Samtykkeerklæring**

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *[sett inn tittel]*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

å delta i intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

## 6.3 Vedlegg 3 – NSD Godkjenning

NSD sin vurdering

**Prosjekttittel**

Traumesensitiv tilnærming i skolen

**Referansenummer**

181165

**Registrert**

03.02.2021 av Eireen Finden - Eireen.Finden@hvl.no

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for velferd og deltaking

**Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)**

Eireen Finden, eireen.finden@hvl.no, tlf: +4748146097

**Type prosjekt**

Forskerprosjekt

**Prosjektperiode**

01.03.2021 - 30.04.2022

**Status**

03.03.2021 - Vurdert

**Vurdering (1)**

---

**03.03.2021 - Vurdert**

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjema med vedlegg 3.3.2021. Behandlingen kan starte.

#### TAUSHETSPLIKT

NSD minner om at deltakerne har taushetsplikt, og dermed ikke kan uttale seg på en måte som gjør enkeltelever identifiserbare. Vi anbefaler at deltakerne i forkant minnes om taushetsplikten, og at de oppfordres til å omtale sine erfaringer generelt, uten at disse kan spores tilbake til enkeltpersoner.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: [https://nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html) Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 30.4.2022.

**LOVLIG GRUNNLAG** Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres og som kan trekkes tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være de registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om: - lovighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de

registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlig formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20). Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Lasse Raa Tlf. personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve

BSV5-300

### Predefinert informasjon

Startdato:	10-05-2021 14:42	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	19-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve		
Flowkode:	203 BSV5-300 1 BO 2021 VÅR		
Intern sensor:	Nina Christine Dahl		

### Deltaker

Kandidatnr.:	253
--------------	-----

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7629	Egenerklæring *:	Ja	Jeg bekrefter at jeg har <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> registrert <input type="checkbox"/> oppgavetittelen på <input type="checkbox"/> norsk og engelsk i <input type="checkbox"/> StudentWeb og vet at <input type="checkbox"/> denne vil stå på <input type="checkbox"/> utnemålet mitt *:
---------------	------	------------------	----	--

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Ja, Traumesensitu tilnærming i  
skulen

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei